



Arkivnr: 2014/24253-141

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland/Elizabeth Warren/Hanne Espe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015

## Tilskot til ulike kulturføremål hausten 2015 - opne søknader

### Samandrag

Det kjem gjennom året inn opne søknader til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga som ikkje er retta mot nokon spesifikk søknadsordning. Det har vore praksis å handsame desse i hovudsak i to halvårlege samlesaker som vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet og knytt opp til løyvingar frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto (Post 400.760 "Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet"). For 2015 står 1 023 000 kroner på denne posten.

Kultur- og ressursutvalet vedtok prosedyrar og føringar for korleis dei opne søknadane skal handsamast i sak 13/15 i møte 22/01 2015. Informasjon om dette ligg også på tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Ein ønskjer i all hovudsak at aktørane i kultur- og idrettslivet skal forholde seg til dei etablerte søknadsordningane. Søknadsordningane skal spegle og støtte opp om fylkeskommunen sine satsingar. Det vert etterstreba å ha opne og rettferdige prosessar som oppfyller krava til god forvaltingsskikk og –lov. Likevel ser ein at det kan vere prosjekt som er viktige og som støtter opp under fylkeskommunen sin kulturpolitikk som ikkje fell inn under dei etablerte ordningane, og at det bør vere rom for å kunne støtte nokre slike. Enkelte gonger kjem også tiltak opp som det er ønskeleg å støtte, utanom vanleg planlegging, med korte tidsfristar.

Om det kjem inn ein open søknad som ein ser naturleg fell inn i etablerte ordningar skal søker få tilbakemelding om dette og råd om å registrere søknaden elektronisk i relevant søknadsordning eller evt gje godkjenning til flytting av søknaden til aktuell ordning. Søknader har i 2015 vore anbefalt å flyttast i hovudsak til Ålmenne kulturføremål og Kulturtiltak for barn og unge (aktivitetsstønad).

Det var ønskeleg å løyve større søknadssummar gjennom rådveldekontoen, då det var tenkt å kome i møte behov for støtte til noko større prosjekt og føremål. Det føreligg særsmåne mange søknader om mindre stønadsbeløp i denne handsamingsrunda, så ein har valt å gje støtte på forholdsvis små beløp til nokon prosjekt som fylkesrådmannen har sett som viktige og som fell utanfor etablerte søknadsordningane.

Tildelingar gjennom Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto skal gå til (større) prosjekt og tiltak som ikkje naturleg fell inn under etablerte søknadsordningane men som likevel i høg grad oppfyller mål i gjeldande kulturplan. Det skal såleis stettast strenge krav til dei søkerne som vert vurderte og prioriterte. Det er difor tilrådd avslag til meir enn halvparten av søkerane.

Gjennom samlesak i KURE sitt møte 02.06.2015 (sak 118/15) og nokre enkeltsaker er det til saman løyvd 735 000 kroner frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto tidlegare i år. Eit tilsegn frå 2013 er tilbakebetalt og det står såleis att såleis att 338 000 kroner til fordeling i haust. Det ligg føre 23 søknader frå ulike delar av kultur- og idrettslivet som vert vurderte i denne saka.

### Forslag til vedtak

Det vert løyvd til saman kr 338 000 frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto (post 400.760), fordelt på følgjande søkjarar:

Søkjar - prosjekt	Tilråding
1. Anne Lutro: filmen Idrettsmerkestatuett	15 000
2. Aktive Studenters Forening: konsertavvikling i forbindelse med 75 års jubileum	avslag
3. Bergen filmklubb: festival	avslag
4. Bergen Cykleklubb: Safer cycling	avslag
5. Bergen pikekor: Støttemidler til et kulturelt formål(drift)	avslag
6. Bremnes idrettslag: Terrengløp	avslag
7. Bymuseet: utstillingen «Bergensbrannen 1916»	103 000
8. Byggnettverket og Handverksnett: Klimaprosjekt	10 000
9. Bømlo Film og Musikk: Kulturhistorisk dokumentarfilm	20 000
10. Eline Dalseth: Utvikling av ergonomisk klassisk gitar	avslag
11. Fartein Valen Senstad: bokutgjeving om Fartein Valen	15 000
12. Idrettslagene Varegg og Samnanger: NM i orientering	25 000
13. Kunstlaget i Vaksdal: Drift	avslag
14. Nordisk meisterskap for funksjonshemma, langbane symjing	30 000
15. Nyborg volleyballklubb: Deltaking i europacup 2015/2016	15 000
16. Per Halse: Biografi om biskop Peter Hognestad	20 000
17. Per O. Kobberstad: "Duo Primo, plateinnspilling 2015"	avslag
18. Slow Food Youth Network Bergen: Arrangement «EAT-IN»	avslag
19. Sores Welat Demir: Diktsamling om 22.juli-ofrene	avslag
20. Stiftelsen 3,14: pilotprosjektet ' Hvordan leve sammen'	60 000
21. Stord Musikkråd v/Flygelkomiteen og Stord kommune: Flygel	avslag
22. UKM Norge: Film	25 000
23. Vibeke Koehler: Ferdigstilling av barne- og ungdomsbok	avslag
<b>Til saman</b>	<b>338 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
konst fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.10.2015

Det er viktig at søkerar som kan søkje om midlar via dei ordinære/faste søknads ordningane brukar desse og dei tilknytte søknadssistema. Fylkesrådmannen avslår difor i denne omgang dei søknadane som både i søknadssum og innhald ville passe inn i nokon av desse, t.d. søknadsordninga Ålmenne kulturføremål. Ein har oppmoda til å evt. søkje denne ordninga om søknadane har kome inn før den aktuelle søknadsfristen i haust 1 .oktober. Søknader som er kome inn etter denne fristen vert handsama her og avslått med ein kommentar om at dei evt. kan søkje Ålmenne kulturføremål eller andre ordningar før neste frist. Det ligg i denne handsamlingsrunda føre ei rekke søknader som er søknad om relativt små midlar. Søknadsordningar som Ålmenne kulturføremål og kulturtiltak for barn og unge er meint å dekke desse mindre behova.

Det ligg i forvaltningslova at einkvar søknad som kjem inn til fylkeskommunen skal handsamast. Det vil seie at det er stort spenn i kvaliteten på søknadane. Fleire av søknadane om mindre beløp ligg klårt utanfor det regionale kulturansvaret som ligg hos fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at midlane frå rådveldekontoen vert brukt til ekstraordinære tiltak og tiltak som ikkje passer inn i andre ordningar med som likevel ligg i kjerna av fylkeskommunen sitt kulturansvar.

Då dei som har sendt inn søknadane som vert handsama her ikkje har søkt via ei spesifikk definert ordning ligg det heller ikkje føre eit definert og vedteke sett med retningsliner. Det vil likevel vere ein del føringar og retningsar i vurderingane som ligg til grunn , slik det er opplyst på nettsida. Det som vert prioritert skal støtte opp under satsingar i den vedtekne regionale kulturplanen. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det.

Dei same vurderingskriteria som gjeld for m.a. ordninga for Ålmenne kulturføremål vert såleis også lagt til grunn her. Det vert lagt vekt på desse momenta (i prioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Følgjande 23 søknader er vurderte. Teksten i kursiv er direkte sitat frå søknadane.

### 1. Anne Lutro : Dokumentarfilm « Idrettsmerkestatuett» v/ Ivar Asbjørn Sekse, Vegard Soldal (Kinsarvik) og Anne Lutro (Lofthus)

Søkjer 15 000 kroner

#### A. Utdrag frå søknad:

*Idrettsmerkestatuett. Vedrørande økonomisk støtte til synleggjering av idrettsmerke taking: ved å laga dokumentar om dette arbeidet.*

*Elevane Ivar Asbjørn og Vegard ved vaksenopplæringa i Ullensvang, begge med Downs syndrom, har i årenes løp lagt ned mykje kulturarbeid med: utstillinger, pressearbeid, TV*

*medverknad, gallup undersøking om krotakake steiking der dei fekk over 500 skriftlege svar mm. Det meste av dette er etter deira eigne idèar. No var det planar om å få filma idrettsmerketaking.*

*Dei sette i gong å laga dreiebok, hyra inn medhjelparar og fekk hjelp til å skriva søknadar om økonomisk støtte mm. I årevis har dei teke idrettsmerke og tykte det var ein grei måte å få til bra trim. Etter å ha teke 15 årlege merke fekk dei idrettsmerkestatuettene. Stor stas, utdeling på Voss i regi av idrettskretsen. Elevane fann på at dei ville laga reklame for idrettsmerketaking. Ikke minst innan deira eigen gruppe psykisk utviklingshemma. Samstundes ville dei òg supplera med promotering for deira heimstad Hardanger. Nutta seg av Gruppe 1 TRIM og trimma medan dei gjekk, spelte ball, symja i kjende og mindre kjende omgivnader. Dei valde m.a. ut Munketrepene og symjebaseng i friluft vinterstid (Ullensvang), Kjeåsen fjellgard og Viking gravlund (Eidford), Trimløype ved Noregs største Stein (Odda) og Hellerissningar (Jondal). (...)*

*Hordaland idrettskrets og NIF tykkjer om idrettsmerke profilieringa at det er ganske unikt at slike elevar på eige hand ynskjer å vera med på slikt arbeid. Råmateriale til filmen er ferdig filma, og vart lagd fram for filmkunnige personar. Dei meinat materialet er så bra, at ein bør kosta på det profesjonell handsaming.*

*Ein prøver å få leigd inn folk til klipping og redigering. Det er svært kostbart, men me er i forhandlingar. Me prøvde tidlegare få til eit samarbeid med NRK. Nokså nylig, fekk me tilbakemelding at det kunne dei dessverre ikkje.*

**B. Økonomi:**

*Me søker om kr. 15 000,- til støtte til redigering av råmateriale.*

**C. Fylkesrådmannen si vurdering:**

Hordaland fylkeskommune gir i hovudregelen ikkje direkte støtte til filmproduksjon, då det er Vestnorsk filmsenter som er fylket sin filmfaglege instans og som har ansvar for å fordele midlar til film. Unnatak vert gjort om det er særskilte grunnar, slik som t.d. at filmen har særskild dokumentarisk verdi. Filmen som det no vert søkt støtte til kan m.a. bidra til rekruttering til organisert aktivitet og motivasjon til deltaking for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette er m.a. forankra i tiltak 5.A i handlingsplanen til den regionale kulturplanen; Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging. Det vert tilrådd å bidra til ferdiggjering av denne filmen med omsøkt sum 15 000 kroner.

**2. Aktive Studenters Forening: ukeslang konsertavvikling i forbindelse med 75 års jubileum.**

Søkjer 50 000 kroner

**A. Utdrag frå søknad:**

*Aktive Studenters Forening søker med denne søknaden om prosjektstøtte på 50 000 kr til ukeslang konsertavvikling i forbindelse med 75 års jubileum.*

*(...)ASF ble stiftet 22. august i 1940 med det formål om å være et ikke-faglig forum for studentene. Som en av Bergens eldste studentforeninger har foreningen gjennom tidene opprettet en rekke studenttilbud, som - Klubben", Larmonien, Bergen Studentidrettslag (BSI), StudVest, UKEN (tidligere studentrevyen i Bergen) og ikke minst Hulen. I dag er foreningen etablert som en av byens ledende konsertarrangører for studenter og unge, med konserter hver fredag og noen utvalgte lørdager i semesteret. Årlig utgjør dette en arrangementsfrekvens på omlag 40 konserter. Målet er å tilby et bredt og rikt musikk- og kulturtilbud til studenter og unge, og fremme alt fra store og små, internasjonale og norske artister. Gjennom underkonsepter som ASF SUB og StåOppJazz fokuserer vi på musikkjungere som ikke alltid er i søkelyset, men som fortjener det. Vi ønsker også å fortsette å være en av de ledende musikkarrangørene i Bergen ved å arrangere*

konsert som når ut til et bredt publikum. (...) I og med at vi holder til på Det Akademiske Kvarter ønsker vi også å hevde studentstedet som et av de beste i byen.

Organisatorisk driftes foreningen på frivillig basis av om lag 40 aktive medlemmer fordelt i ulike undergrupper. (...) I år feirer vi altså at vi har klart å holde det gående i 75 år. Det hele starter helgen 21-22.august, med jubileumsmottakelse på Landmark med tilhørende debatt, taler og underholdning. På lørdag avholder vi så en bursdagskonsert med Fagernes Yacht Klubb på USF Verftet (1250 i kapasitet). Mellom 23.- 26.september arrangerer vi så en stappfull og innholdsrik jubileumsuke på ulike konsertarenaer i Bergen. Bookingprosessen er i gang og målet er å ha mellom 2-4 artister hver kveld onsdag-fredag, og opp mot 5-7 artister på lørdagen.

B. Økonomi:

Jubileumsprosjektets totale budsjett: 486 400,-\*

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

HFK er ikke finansieringskjelde for drift av organisasjonen eller andre arrangement i regi av denne. Fylkesrådmannen vil også vere tilbakehalden med å gå inn med støtte til arrangement som hovudsakleg har studentar som målgruppe. Innhaldet skil seg heller ikke i stor grad fra tilbodet som vert gitt av fleire andre arrangørar i byen, og er såleis ikke kunstnarleg unikt. Det vert tilrådd avslag.

**3. Bergen filmklubb v/Eva F. Bech: Favourites Film Festival.**

Søkjer 10 000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

Tidspunkt for gjennomføring av tiltaket/arrangementet: 5.-8. november 2015(...)

Bergen Filmklubb i samarbeid med Tønsberg filmklubb og de tyske initiativtagerne i FFF søker om kr 10 000,00 til å gjennomføre filmfestival, høsten 2015.

Målsetting med tiltaket/arrangementet:

- Fremme interessen for film som kunstart og som opplysnings- og underholdningsmiddel.
- Bruke filmen som et historisk og kulturhistorisk hjelpemiddel.
- Fremme studiet av filmkunnskap, dvs. vurdering og forståelse av film.

Målgruppe:

Filmklubbens vanlige publikum består i stor grad av studenter og andre i aldersgruppen 19-30. Vi antar at den største målgruppen for festivalen vil være noe av den samme. (...)

Nærmere beskrivelse av tiltak det søkes om støtte til:

Favourites Film Festival er en filmfestival med et program som består av nyere filmer som har vunnet publikumspriser på ulike filmfestivaler over hele verden. Festivalen arrangeres årlig i Berlin og Bremen, og når den nå arrangeres i Bergen vil det være et bilateralt samarbeidsprosjekt mellom Bergen filmklubb, Tønsberg filmklubb og de tyske initiativtagerne i FFF.

Festivalen ønsker å vise tankevekkende og inspirerende filmer som et variert publikum kan like. Festivalens program består såvel av filmer som skildrer samfunnsforholdene og evt. -problemene i land over hele verden, som av mer kunstneriske filmer der det visuelle står i fokus. Helhetlig samfunnssdokumentasjon gjennom filmkunst kan kort sagt sies å være festivalens hovedoppgave. (...)

Verdt å understreke er også festivalens bilaterale aspekt: som nevnt er dette et tysk-norsk samarbeidsprosjekt som involverer Berlin, Bremen, Bergen og Tønsberg. Samarbeidet er såvel av økonomisk art (utgiftene og inntektene skal deles) som praktisk (vi har sammen valgt filmene). Festivalen vil dermed kunne være med på å støtte opp under Hordaland som internasjonal kulturformidler. (...)

*Bergen filmklubb og Tønsberg filmklubb består derimot utelukkende av folk som arbeider på frivillig basis. Ikke minst vil selve festivalen avvikles ved hjelp av frivillige som vi i Bergen filmklubb formidler. De som er involvert i prosjektet - fra Bergen filmklubbs frivillige, via den tyske festivalledelsen og de respektive filmklubbenes styremedlemmer - er hovedsakelig mellom 18 og 33 år, og både sosialt og kompetansemessig vil alle involverte trolig ha stor nytte av hverandres bekjentskap.*

**B. Økonomi:**

**Inntekter:**

*Billettsalg 7.000,00*

*Servering 1.000,00*

*Innvilget støtte fra NFK og Kulturstyret 25.000,00*

*Ønsket støtte 11.000,00*

*Frivillig Arbeid 12.000,00*

**SUM DRIFTSINNTEKTER 56.000,00**

**Kostnader:**

*Filmrettigheter 24.000,00*

*Honorarer band til åpningskveld 10.000,00*

*Leie av lokaler åpningskveld 2.000,00*

*Sosiale tiltak 6.000,00*

*Frivillig Arbeid 12.000,00*

*Presse (promotering sosiale media) 2000*

**SUM DRIFSKOSTNADER 56.000,00**

**Merknad til budsjettet:**

*Inntektene fra billettsalg skal deles mellom den tyske festivalledelsen og Bergen filmklubb, dermed inngår kun halvparten av disse på inntektsdelen av vårt budsjett.*

**C. Fylkesrådmannen si vurdering:**

Denne søknaden er av ein slik karakter at den etter fylkesrådmannen si oppfatning hører inn under tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål. Det vert difor tilrådd av slag i denne omgang.

**4. Bergen Cykleklubb: Safer cycling**

Søkjer om 50 000 kroner

**A. Utdrag frå søknad:**

*Safer Cycling er en informasjons, holdnings og handlings---kampanje som setter fokus på sikkerhet i forbindelse med tursykling på landevei, under trening og turritt. I Utgangspunktet gjelder dette Bergen Cykleklubb Sine turritt Bergen--- Voss Og Voss---Geilo. Etterhvert Kan tjenester tilbys andre turritt.*

*I vekene før Bergen-Voss og Voss-Geilo arrangerer vi fellestreninger, uavhengig av klubbtihørighet, ledet av våre sikkerhetsambassadører Safer Cycling guides. Dette er en flott mulighet til å videreformidle vårt budskap i praksis.*

*Helt nytt i Safer Cycling kampanjen er en 20 ukers treningsplan tilrettelagt på ulike nivåer. Dette, i tillegg til de mange fellestreninger på sykkel, mener vi vil øke det tekniske nivået til våre deltakere og dermed også sikkerheten under trening og ritt.*

**B. Økonomi:**

Søkjer fylkeskommunen om kr 50.000,-. Budsjetterer med inntekter på kr 150.000,- og utgifter på kr 150.000,-.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Bergen Cykleklubb promoterar dette tiltaket som ei regional satsing på sikker sykling som eit tilbod til syklistar i heile fylket. Hordaland fylkeskommune har sykkel som satsingsområde, men rådmannen vurderer målgruppa i dette prosjektet til å vere utanfor det som regional kulturplan vil prioritere. Tilråding avslag.

**5. Bergen pikekor: støttemidler til et kulturelt formål**

A.Utdrag frå søknad:

*Bergen pikekor vil søke med dette om støttemidler til sin aktivitet innlands og utenlands.*

*Hovedkoret Bergen Pikekor ble stiftet i 2013. Datterkoret Spiren ble stiftet i 2014. Kontingent i hovedkoret er 15 jenter fra 10 til 16 år og i datterkoret Spiren er det engasjert 10 jenter fra 6 til 8 år.*

Aktiviteter:

*(...)Bergen pikekor deltar aktivt hvert år i Festspillene i Bergen og synger med de beste artistene fra hele verden. I februar 2015 var det felles konsert med latviske jentekor fra Sigulda i Grieghallen under festival av latviskkultur i Bergen. I fjor ble koret invitert til København til å syne i Norsk sjømannskirke og i Hillerød kirke. Bergen pikekor samarbeider med Bergen guttekor og andre korene. Til høsten er det planlagt tur til Berlin i fellesskapet med Bergen guttekor, derfor søker vi om støtte.*

B.Økonomi:

Ikkje spesifisert

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Det søkjast her generelt om støtte til eit barnekor, og noko spesielt om støtte til utanlandstur. Dette er tiltak som *ikkje* fell inn under det regionale kultursvaret til Hordaland fylkeskommune. Det vert såleis tilrådd avslag.

**6. Bremnes idrettslag – terrengløp**

A.Utdrag frå søknad:

*Bremnes idrettslag søker om tilskot til eit terrengløp som fann stad 13. september 2015. Løpet er 10 km, og i tillegg er det tilbod om ulike distansar og variantar for barn og familiar (60 meter og 400 meter for barn og turløype kort eller lang for familie/andre). Der er alternativ for alle, også universelt utforma for dei som trillar vogn eller nyttar rullestol. Målgruppa er alle mellom 0-100.*

B.Økonomi:

Ikkje spesifisert i søknaden.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit familiearrangement, med premierung til alle deltakarar, trekking av gevinstar på startnummer og ein vandrepokal på hovudløpet. Dette er ein søknad om drift av eit lokalt tiltak, og såleis ikkje eit fylkeskommunalt ansvar. Det vert tilrådd avslag.

**7 . Bymuseet – Søknad om stønad til utstillingen «Bergensbrannen 1916»**

Søkjer 200 000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

*Udstillingen vil markere at det i 2016 er hundre år siden denne dramatiske hendelsen fant sted, og skal vises i Bryggens Museum i perioden 15. januar til september 2016. Bergensbrannen 1916 er et samarbeidsprosjekt med Spesialsamlingene ved Universitetsbiblioteket i Bergen, og i tillegg til*

*selve utstillingen på 400 m<sup>2</sup> planlegger vi en vindusutstilling i lokalene til Billedsamlingen, sentralt i Nygårdsgaten. Vi håper også å vise noen bilder i byrommet i et avgrenset tidsrom.*

*Historien om Bergensbrannen 1916 er utgangspunktet for utstillingen. Vi vil stille en rekke spørsmål: Hvordan startet brannen? Hvorfor ble dette en storbrann? Hvordan så branntomten ut? Hvordan så byen ut før brannen? Hvordan var brannen med på å forme den bergenske identiteten? Hvilke tanker ligger bak gjenoppbyggingen? Byplanlegging og måten denne brannen var med på å forme byen vår vil være et viktig tema i utstillingen.*

*Bergensbrannen 1916 er på mange måter et voksent tema, der fokuset på byplanlegging, arkitektur og store linjer vil appellere til den voksne bergenser – vår hovedmålgruppe for utstillingen. Også studenter, folk fra ulike faggrupper, så som arkitekter og landskapsplanleggere, samt historieinteresserte i alle aldre vil få mye ut av vinklingen. Samtidig vil den yngre generasjonen bergensere, gjennom utstillingens utstrakte bruk av visuelle virkemidler, få et spennende møte med hjembyens dramatiske historie.*

*For tilreisende uten inngående kjennskap til byens historie, vil Bybrannen 1916 presentere en av de mest dramatiske hendelser i byen i nyere tid, og betydningen den fikk for utforming av dagens bysentrum. Utstillingen blir et viktig supplement til Bryggens Museums permanente utstilling, som presenterer Bergens tidlige historie og de mange brannene som alt fra middelalderen av fikk betydning for byutviklingen.*

*Vi vil lage en arrangementskalender til utstillingen med foredrag o.l. Vi håper at ett eller flere arrangementer kan gjennomføres i den gamle Hovedbrannstasjonen. Vi ønsker også å lage en utstillingskatalog, bildekalender og postkort til salg. Utstillingen vil markedsføres av Bymuseet på de plattformene vi har og også gjennom kanalene til våre samarbeidspartnere. Prosjektet vil også egne seg til små formidlings- og markedsføringsprosjekt i sosiale medier.*

#### B. Økonomi:

Bymuseet søker Hordaland fylkeskommune om kr 200 000,- av eit totalbudsjett på kr 1 935 000,-. Utstillinga er tenkt fullfinansiert slik:

Bymuseet	kr 730 000,-
Spesialsamlingene	kr 380 000,-
Forsikringsselskaper/ekstern	kr 124 000,-
Bergen kommune	kr 500 000,-
Hordaland fylkeskommune	kr 200 000,-

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Planlagt utstilling over Bergensbrannen i 1916 er eit spanande samarbeidstiltak mellom Bymuseet og Universitetsbiblioteket i Bergen. Det vil utforske, formidle og få folk til å tenke over korleis samfunnet reagerer på, og tilpassar seg store katastrofar. Utstillinga vil gje eit historisk perspektiv på eit tema som er aktuelt i dag og har overføringsverdi til heile regionen. Utstillinga vil vera open for alle. Nye former for samarbeid mellom ulike kulturinstitusjonar er i tråd med kulturplanen, og legg til rette for kontakt og kompetanseoverføring. Det er positivt at det er søkt om eksterne midlar. Det vert tilrådd å støtte tiltaket med .....kroner.

### **8. Byggnettverket og Handverksnett – Søknad om stønad til klimaprosjektet «Varmere, Våtere, Villere»**

Søkjer: kr 10 000,-

#### A. Utdrag fra søknad:

*På norske museer spises antikvariske bygg opp av borebitter. Angrep av algevekst, svartsopp og råte blir stadig mer aggressive. Det er en daglig utfordring å ta vare på kulturarven jo våtere,*

*varmere og vildere klimaet blir. Museumsnettverkene, Handverksnett og Byggenettverket savner en samlet innsats for å finne de beste og mest varige metoder som kan demme opp for den eskallerende nedbrytingen av kulturarven og vit sette i gang et prosjekt som skat dokumentere og spre ny viten innen fettet.*

*Dei to museumsnettverka har gått saman om å søke støtte til eit prosjekt om korleis musea kan møte klima utfordringane. De vil dokumentere midler og metoder som forsinker, hemmer eller forhindrer de skadene som et stadig varmere, våtere og vildere klima volder på de kulturhistoriske bygningene på et stigende antall museer. De vil publisere og formidle resultatene av prosjektets undersøkelser til nettverkenes medlemsinstitusjoner og det allmenne bygningsvernmiljøet.*

*Prosjektet skal omfatte museumsbygninger både i kyst- og innlandsstrøk. Her er det et stort tilfang av utike bygningstyper og ulike problemstillinger. Resultatene av prosjektet vit i første rekke komme de deltagende museer til gode. Dernest alle museer med tilsvarende problemstillinger.*

*I sakens natur er det ikke kun museumsbygninger som blir rammet av klimaforandringens skadevirkninger. En samlet framstilling av midler og metoder for å demme opp for ødeleggelsene vil uten tvil også være til hjelp for alle som eier eller forvalter hus uansett alder og kulturhistorisk verdi.*

*Prosjektet har fått 750.000 kroner i støtte frå Norsk Kulturråd, fordelt over 2015 og 2016. Vi søker nå om tilleggsfinansiering frå aktuelle fylkeskommuner.*

*Byggnettverket—Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum, Ha 24 medlemsmuseum og 2 andre medlemmar. Nettverket blir leia av Ryfylkemuseet.*

*Handverksnett—Museumsnettverk for tradisjonelt handverk har 20 medlemsmuseum og 2 andre medlemmar. Nettverket blir leia av Lillehammer Museum, Maihaugen*

#### B. Økonomi:

Dette er eit toårig prosjekt.

I 2015 er totale utgifter kr. 330 000,-. Prosjektet er tildelt midlar frå Norsk kulturråd med kr 180 000,- . I tillegg søker dei kr 10 000,- i stønad frå 10 museer, 4 fylkeskommuner og fortidsminneforeningen. Prosjektet søker eit tilskot på kr 10 000,- frå Hordaland fylkeskommune i 2015.

I 2016 er totale utgifter kr 1 170 000,- . Prosjektet er tildelt midlar frå Norsk kulturråd mrd kr 570 000,- . I tillegg søker dei kr 40 000,- i stønad frå 10 museer, 4 fylkeskommuner og fortidsminneforeningen. Prosjektet søker eit tilskot på kr 40 000,- frå fylkeskommune i 2016.

#### C.Fylkesrådmannen si vurdering

Dette er eit godt prosjekt som har stor regional verdi og kan knytast opp mot målsetjingane i kulturplanen. Dette set fokus på korleis ein kan takle utfordringar som framtidige klimaendringar har på bygningar i museas samlingar. Resultat vil ha overføringsverdi også til eigara av freda og verneverdig bygg i regionen. Det er positivt at prosjektet alt er støtta med midlar frå kulturråd og at det er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire aktørar. Det vert tilrådd å støtte tiltaket med 10 000,- kroner i 2015. Søknad for midlar i 2016 handsamast i 2016.

#### **9. Bømlo Film og Musikk – kulturhistorisk dokumentarfilm**

Søker 30 – 50 000 kroner

#### A. Utdrag frå søknad:

Bømlo Film og Musikk har starta eit dokumentarfilmprosjekt. Filmen har førebels tittelen «Melkevik gard på Bømlo – frå kommunesenter til turistmagnet». Filmen vil bli på omlag 1 time, og vil dekke historien til denne garden og folka som har levd der frå ca 1750 og fram til i dag. Den vil også ta med små og store hendingar i nærområde til garden som f.eks

- utbygginga av Kulleseidkanalen i 1856
- gruve drifta i nærområder frå 1864 til 1910
- garden som kommunesenter i Finnås Herrad i tidsrommet 1896-1916 (Finnås Herrad besto av Bømlo og deler av Sveio)
- legesenteret på Bømlo som var her frå 1909-1980
- 2 kriger
- Utbygging av Kulleseidkanalen 1927-1930
- Kanaldagane (ein årleg stor maritim marknad som skjer på gardsområdet første helga i september)

I tillegg vil filmen omhandla daglegliv, firma S. Larsen, butikk (krambu), bakeri, snekkerverkstad (bl.a likkiste byggjing) og fram til Kulleseidkanalen Gjestehamn slik det er i dag. (Kulleseidkanalen Gjestehamn er i år nominert til årets gjestehamn i Norge). Dette er meget interessant kultur- og Bømlohistorie.

Sjølve dokumentaren vil bygge på intervju, men vil også innehalda eindel dramatisering, gamle filmglimt, ei mengde foto, gamle dokument og anna som vil belysa historien.

Det er lagt opp til ca 30 timer filming, og 150 timer redigering. Manus, research, regi, fotoscanning og anna vil skje på dugnad. (...) Me har gjort det meste av filminga, og vil bruke vinteren til klipp\redigering. Målet er å få filmen ferdig i løpet av våren 2016.

#### B. Økonomi:

Budsjettet ser slik ut:

Filming	25.000 kr
Redigering og animasjon	90.000 kr
Kjøp av rettigheter, foto, film og musikk	10.000 kr
Produksjon av 300 DVD kopiar	15.000 kr
Totalt	140.000 kr

Inntekter – salg av 300 DVD kopiar 30.000 kr.

Underskotet på 110.000 kr må dekkast av støtte og eventuell eigenkapital.

Me har til no fått 20 000 kr frå Finnås Kraftlag (2014), og 10 000 kr frå Sparebanken Vest (2015) i stønad. Men me manglar enno 80 000 kr på å få fullført prosjektet etter planen. Me er takknemleg for all støtte, men håper på 30 000 kr – 50 000 kr.

#### C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Hordaland fylkeskommune gir i hovudregelen ikkje direkte støtte til filmproduksjon, då det er Vestnorsk filmsenter som er fylket sin filmfaglege instans og som har ansvar for å fordele midlar til film. Unnatak vert gjort om det er særskilte grunnar, slik som t.d. at filmen har særskild dokumentarisk verdi. Filmen som det no vert søkt støtte til har eit lågt budsjett og mykje basert på frivillig innsats. Det vert tilrådd støtte til denne filmen som dokumentasjon av m.a. historia om Kulleseidkanalen som har regional kulturminneverdi. Det vert tilrådd ein stønad på 30 000 kroner.

#### **10. Eline Dalseth: Finansiering av utvikling av ergonomisk klassisk gitar.**

Søkjer 40 000 kroner

#### A.Utdrag frå søknad:

*jeg går 3.-året på en bachelorggrad i ergoterapi på Høgskolen i Bergen. Jeg planlegger å starte opp et tverrfaglig prosjekt mellom musikkavdelingen og ergoterapiavdelingen på Høgskolen for å utvikle en ergonomisk klassisk gitar. Ved å slå sammen ulike kompetanser, mener jeg vi vil kunne kombinere kunnskaper om gitarbygging og akustikk med ergoterapeutiske kompetanser innen anatomi, fysiologi og ergonomi. Målet med dette prosjektet er å lage en klassisk gitar som gir mindre belastning for den som spiller på den og som kan brukes av musikere som konsertinstrument. (...)*

*Det er få endringer som er gjort på den klassiske gitaren siden de første eksemplarene av dem kom på markedet. Det har vært svært mye fokus på akustikk og adskillig mindre på funksjonalitet og brukervennlighet. Jeg ønsker å kombinere god akustikk med en brukervennlig gitar - som støtter ergonomiske prinsipper og gir mindre belastning og skader for de som spiller på den. For å få dette til har jeg opprettet et samarbeid med Egil Haugland, som er Førsteamanuensis ved Musikkseksjonen på Høgskolen og er i tillegg profesjonell gitarist og gitarmaker. Vi har sammen diskutert mine forslag til tilpasninger og han har kommet frem til at det skal være teknisk mulig å gjennomføre, og vi vil kunne lage en gitar som oppfyller kravene som jeg har skissert. Jeg har gjort forskjellige søk i patentregister i Norge og i verden – og jeg kan ikke funnet noen som har utført liknende endringer på en gitar før.*

#### B. Økonomi:

